

Referat frå felles møte i Styringsgruppa og Ressursgruppa for læringsnettverket for barneverntenestene i Vestland

Dato: 20. september 2022

Stad: Flesland

Sak:	Tema:	Referat:	Konklusjon, ansvar og tidsfrist:
1.	Velkommen, kort presentasjonsrunde og gjennomgang av sakslista	<p>Ingen nye saker på sakslista</p> <p>Kort gjennomgang av formålet med møtet, og bakgrunnen for at vi har et fysisk felles møte for styringsgruppa og ressursgruppa i samband med denne samlinga kvar haust.</p>	Konklusjon: Saksliste godkjent
2.	Siste nytt Ei runde kring bordet. Kva er aktuelt fra dykkar kompetansemiljø eller kommune? Korleis går samarbeidet mellom kommunane og kompetansemiljøa i utviklingsprosjekta?	<p>RVTS – Linda Renate Kvalvik: RVTS har samarbeid med to av utviklingsprosjekta. Det er høg aktivitet for tida hjå RVTS, mellom anna har dei stor merksemd på utvikling og oppdatering av digitale ressursar. Eit døme er den digitale undervisningsressursen: Trygg til handling. RVTS er også i gang med å revidere materialet for Konsultasjonsteamarbeidet. Det er mange konsultasjonsteam i Vestland, les meir her: Konsultasjonsteam i region Vest. Det skal og arrangerast ein nasjonal SSA-konferanse i Bergen frå 23-26 mai 2023, ein fagkonferanse om bekymringsfull og skadeleg seksuell åferd. Meir om arrangementet og tema finn du på denne nettsida: Seksuellatferd.no</p> <p>Barnehuset - Eirin Baugstø: Barnehuset samarbeider med utviklingsprosjektet til Kvinnherad og Ullensvang om tema gjenforening etter at barn har vært til Barneavhør på Barnehuset. Dette er eit veldig spennande utviklingsarbeid.</p> <p>KS - Sølvi Olrich Sørebø: Sølvi er ny kontakt frå KS inn på barnevernsfeltet i år, og synes nettverket er ein flott måte å bli kjent med barneverntenestene på. Ho og KS er oppteken av heile barn og unge feltet, sektorovergripande aktivitetar og korleis kommunane må sjå samla på sine tenester retta mot barn og familar. Dei nyttar ofte omgrepene «laget rundt barnet». No i haust har KS her i Vestland gjeve alle kommunane tilbod om å delta på eit program som heiter Barnevernsløftet. Målet med programmet er å bidra til auka eigarskap og meir kunnskap om barnevernet blant politisk og administrativ leiing i kommunane. Første samling er gjennomført, og det er tolv kommunar som deltek. Les meir her: KS-Barnevernloft</p> <p>Alver barneverteneste – May Sissel Frotjold Alver er med i to utviklingsprosjekt på fosterheimsområdet. Det eine prosjektet er no avslutta, men har vore eit godt prosjekt med eigen prosjektleiar og god framdrift. Det andre er i ei tidleg fase. Alver har også eit eige prosjekt som handlar om å etablere eit miljøteam og ein eigen samværsstad. Dei er godt i gang med å lyse ut stillingar og finne rett lokale. Skal etablere ein eigen førebyggande teneste. Dei hadde nyleg besøk av ny statsråd Kjersti Toppe, og nyttar anledninga til å rette merksemda mot hets mot tilsette i barnevernet.</p> <p>RKBU Vest – Unni Strandman: RKBU har nå starta opp att ei ny rettleatingsgruppe for prosjektleiarane, dei tilbyr rettleiing på team ei gong i månaden. Dei har også invitert nye prosjekt frå Vestland og Rogaland til to halve dagar om korleis få en god start på utviklingsprosjektet. Det har vore lite respons så langt på dette tilbodet, det er berre ein påmeldt. Dette handlar nok om at det ikkje er så mange heilt ferske prosjektleiarar denne hausten. RKBU er også i gang med eit forskingsprosjekt om praksisen i barnevernet knytt til EMD-dommane. Det er planlagt ein workshop om dette tidleg i 2023 for å diskutere kva slags påverking EMD-dommane har hatt på praksis. RKBU har starta opp noko dei kalla Barnevernforum, som er eit lågterskel digitalt tilbod, for formidling av forsking og anna relevant fagstoff på barnevernfeltet Barnevernforum. Dette er ein aktuell kanal for å formidle ut arbeidet som skjer i utviklingsprosjekta. Prosjektet om Vestlandsmodellen har allereie delteke, og fekk stor merksemd. Neste barnevernforum er 29. september, og skal handle om kulturell kontinuitet.</p> <p>Fosterhjemforeningen i Hordaland – Anne Line Hordvik Stormark: Fosterhjemforeningen har gjennomført ei stor kartlegging: Fosterhjemsundersøkelsen 2022 Kunnskapen frå denne undersøkinga er svært relevant for det utviklingsarbeidet som skjer på fosterheimsfeltet. Undersøkinga viser at fosterheimane opplev at dei ikkje får nok opplæring og oppfølging. Mange fosterforeldre er og bekymra for korleis barnet blir ivaretatt nå etter EMD-dommene, og synes det er krevjande med samvær. Fosterheimar kan være gode ambassadørar for å rekruttere nye fosterheimar, men i undersøkinga svara 16% at dei ikkje ville anbefale andre å bli fosterheim, og 32% svara at dei var usikre. Fosterhjemforeningen vil anbefale alle å sette seg godt inn i funna frå denne kartlegginga. Noko som er unikt i år er at dei også har fått inn svar direkte frå fosterborna. Fosterhjemforeningen tilbyr et Brobyggerprogram, kor dei deler erfaringar om samarbeid mellom fosterheimar, biologiske foreldre og barneverntenesta, les meir om dette på: Brobyggerprogrammet</p> <p>Øygarden - Laila Grøn-Jensen: Barneverntenesta er med i fleire prosjekt. Dei har vore med i prosjektet om å lage ein modell for undersøkingar i saker med høg konflikt mellom foreldre sidan 2019. Elles har dei prosjektet om ei aktiv barnevernvakt saman med Askøy, dei er no godt i gang med piloteringa. I år har dei også starta eit nytt prosjekt saman med Alver. Prosjektet skal bidra til å jobbe med prosessar rundt samvær, med ei mål om å tenka litt annleis i forhold til det - som å tilby overnattingssamvær. Det er mykje som skjer og vi opplev at det er spanande å drive med nytenking. Dei har også fosterheimsprosjektet «Frå barnets vindauge» der dei har hatt</p>	Orienteringssaker

	<p>samarbeid med Haugesund og dei andre kommunane i prosjektet til Owe, dei har fått opplæring i «Ein god start», og tilsett rettleiarar som skal arbeide med oppfølging av fosterheimane.</p> <p><u>Bergen - Anita Fonnes:</u> Er med i prosjektet «Sammen om å støtte barn i fosterhjem», det er ferdig nå, men det er mykke og krevjande arbeid med å sikre at det som er utarbeida vert integrert i den ordinære drifta i ein så stor kommune. Dei har sett av ressursar til dette arbeidet. Mykje anna som skjer i Bergen kommune, knytt til barneverntenesta og no er anna utviklingsarbeid sett på vent. Nå er fokus på å sikre forsvarleg drift og iverksetting av dei tiltaka som er bestemt etter dei gjennomgangane som har vore knytt til barneverntenestene i Bergen. Eit av tiltaka er å etablere eit felles mottak av bekymringsmeldingar for barneverntenestene i Bergen, dette kan potensielt være starten på ein stor endring i korleis Bergen organiserer sine tenester til barn og unge. Det er krevjande og spanande å halde på med endring, og dei håpar å få i gang fleire utviklingsprosjekt framover med mål om enda betre tenester til barn og unge i Bergen.</p> <p><u>Gloppen - Gerd Ynnesdal:</u> Deltek i utviklingsprosjektet «Betre hjelpetiltak i barneverntenestene». Det er god driv i dette prosjektet nå. Dei vil ta prosjektet litt ned framover, har litt mindre ambisjonar enn i starten, men er veldig nøgd der dei har landa. Dei arbeider med å få på plass ein ny prosjektleiar, sidan Marion går over i ei anna stilling. Tiltaksarbeidarane samlast jamlegg, og dei har nå fått til ei avtale med Tom Andreas Grønn-Jensen som skal rettleie dei. Dette har fungert særskilt godt. Han gjev rettleiing både fysisk og på teams.</p> <p><u>Sunnfjord – Monica Loen-Grov:</u> Er vertskommune for utviklingsprosjektet «Den gode fosterheimen» Dei er veldig nøgd med å ha fått på plass gruppetilbod til fosterforeldre, og gjennomført opplæring i «En god start» frå Haugesund prosjektet. Leiinga i tenesta er for tiden med på KS-Konsulent sitt kurs introduksjon til god barnevernleiing, og har fokus på internt samarbeid i kommunen.</p> <p><u>Haugesund – Owe Myklebust:</u> Er vertskommune for utviklingsprosjektet «Styrking av fosterhjem». Har utvikla omsorgspakken; en utviklingspakke til fosterheimar. Dei har også utvikla programmet «Veien videre», som er eit program for fosterbarnas foreldre. Skal også utvikle ein plan for oppfølging av barnet. Begge programma vil være en del av omsorgspakken Har samarbeida om ei interkommunalt tiltaksvifte, som f.eks PMTO, COS som kommunane skal samarbeide om å drifte. Er i startfasen med å evaluere «en god start» i samarbeid med UIB og RKBU Vest.</p> <p><u>Kvinnherad - Randi Pedersen:</u> Det er stor merksemelding på det førebyggande arbeidet i Kvinnherad i samband med reforma. Kvinnherad er vertskommune for kompetanseheving og tiltaksutvikling for å førebygge og gje god hjelpe når barn og unge vert utsett for vald. Som resultat av dette er dei i gang med å etablere ei ordning med «Barnets Verneombod» i barnehagar og på skular. Målet er at dei skal få opplæring og kunne gje råd til kollega slik at dei vert tryggare på snakke om vald og overgrep i undervisninga, vite kva dei skal sjå etter av signal hjå borna, og ha kompetanse til å snakke med, og handle om dei har mistanke om at barn vert utsett for vald eller overgrep. Kvinnherad samarbeider også med Tysnes og Austevoll om eit anna utviklingsarbeid som heiter Kompetanseheving på tvers av kommunegrenser, dette har vore eit svært nyttig og utviklande prosjekt for tenesta. Dei same kommunane planlegg no å gå i gang med opplæring i «På Golvet» saman, og har planar om å gå saman om å få på plass eigne tilsette som kan gjennomføre Familiråd. Det er travle tider og mykje som skjer på ein gong.</p> <p><u>Bufetat – Carol Kjøpstad Vangsnæs:</u> Har no gjennomført den planlagde kompetanseoverføringa på fosterheimsområdet med 62 av 66 kommunar Vestland og Rogaland. Det har tatt noko meir tid enn først planlagt. I forlenging av kompetanseoverføringa tilbyr Bufetat metodestøtte i for av rettleiarnettverk. Dei planlegg oppstart av fleire slike nettverk framover. Bufetat er elles involvert i fleire av utviklingsprosjekta på fosterheimsområdet i litt ulik grad. Dei har fokus på å finne ein god form på samarbeidet med kommunane no etter endingane som har kommet med barnevernreforma. Det er framleis store utfordringar med rekruttering av fosterheimar, dette er eit tema som vert drøfta nasjonalt.</p> <p><u>NUBU - Jorid Bjørkås:</u> NUBU Haust 2022 og vidare planer for 2023: Sertifisering av 18 PMTO-terapeutar i region Vest hausten 2022 og startar opp ny runde med utdanning av PMTO-terapeutar i uke 2 i 2023, som skal være ferdige i 2024. Dette vil være påfyll av terapeutar i kommunar vi allereie samarbeider med, og nokre nye TIBIR-kommunar, og kommunar som ønsker PMTO-terapi som del av sitt tiltaksarbeid (oppvekstreforma) utan avtale om full implementering av kommunemodellen. Nye TIBIR-kommunar i Vestland er pt. Bjørnafjorden og Osterøy, fleire møter med interesserte kommunar i løpet av oktober. <u>Støtte til mestring</u> er et samutviklingsprosjekt mellom NUBU og syv norske kommunar. Prosjektet bygger på TIBIR (Tidleg innsats for barn i risiko) og målet er å utvide målgruppa til forebyggingsprogrammet. I tillegg til familiar med barn som viser åtferdsvanskar er målgruppa engstelege og triste barn, samt foreldre som trenger støtte i omsorgsrolla.</p>	
--	--	--

	<p>Høgskulen på Vestlandet (HVL) - Hege Sundt: Har starta opp eit nytt mastertilbod i sosialvitenskap i haust med 50 studentar. Kan velje ulike spesialiseringar, i år har 26 studentar valt barnevern. Les meir her: Master i Barnevernsarbeid HVL har også samarbeid med to av utviklingsprosjekta på fosterheimsområdet: Den gode fosterheimen og Til fosterbarnas beste. HVL bidreg i arbeidsgruppene, og med innlegg på fagsamlingar både for tilsette og fosterheimane. Hege ser at nettverket og utviklingsprosjekta kan bli ein viktig arena for å få til gode og relevante masterprosjekt og praksisplassar for studentane ved HVL.</p> <p>Andre innspel: Høgskulen har hatt 2-års barnevernspedagog studentar ute i praksis i kommunal barnevernteneste. Etter praksisperioden har studentane vore særleg opptekne av kva som er årsakene til at barnevernstenestene er så forskjellige når det gjeld kva tiltak og hjelp dei ulike kommunane kan tilby barn og familiar. Dette er jo eit aktuelt spørsmål med tanke på reforma, og det utviklingsarbeidet som vi arbeider med i nettverket. Er det noko vi i styringsgruppa kan gjere for å bidra til et meir likeverdig tilbod?</p> <p>Det er mange fosterheimsprosjekt som har overlappende tematikk, og er det fornuftig bruk av ressursar at alle sit på kvar si tue og utviklar det same? Kanskje det kunne vore hensiktsmessig at nokon gjorde opp status no, vurderte det som er utvikla så langt, og laga nokre anbefalingar for kva som kan være lurt å satse på, og kanskje også tenke litt meir heilskapleg framover. Slik at eventuelle nye prosjekt vert sett i verk på områder der det ikkje allereie er gjort mykje utviklingsarbeid? Eit viktig grep for å dele kunnskap på tvers av fosterheimsprosjekta har vore det digitale nettverket som Owe i samarbeid med nokre andre prosjekt driftar, men kan det være aktuelt å gjere noko meir nasjonalt? Eventuelt lokalt her i Vestland? Vi har jo per i dag seks utviklingsprosjekt på fosterheimsfeltet her. Kanskje vi bør sette ned ei arbeidsgruppe som kan sjå på kva kunnskap og produkt som er forventa ut av desse prosjekta og lage nokre anbefalingar for kommunar som enda ikkje har starta opp prosjekt, og eventuelt peike på om det er områder vi treng å gjere meir utviklingsarbeid på?</p> <p>I samband med at Haugesund og samarbeidskommunane skulle inngå ei avtale om forskingssamarbeid med RKBU Vest, og det opp nokre juridiske problemstillingar kring dette med å formalisere samarbeidet mellom dei involverte kommunane i utviklingsprosjektet, og peike ut ei ansvarleg vertskommune. For å avklare dette kontakta Owe kommuneadvokaten som meinte at det var naudsynt å forankre tenestesamarbeidet i kommunelova § 19 Kommunalt oppgavefellesskap eller § 20 Vertskommune, noko som betyr at det må opp ei sak og eit vedtak frå alle dei ti samarbeidskommunane. Spørsmålet er sendt vidare til Statsforvaltaren si juridiske avdeling som skal sjå på om dette er naudsynt i dette konkrete tilfellet. Spørsmåla kan også være relevante for prosjekta som inngår avtalar kring gruppetilbod eller andre hjelpestiltak som fleire kommunar skal drifte saman eller kjøpe tenester frå kvarandre.</p>	<p>Konklusjon: Vi tek denne saka opp att på neste styringsgruppemøte</p> <p>Konklusjon: Bente C. gjev ei oppdatering på denne saka i neste møte.</p>	
3.	<p>Planlegging av samlinga i morgen og torsdag</p> <ul style="list-style-type: none"> • praktisk planlegging • oppgåvefordeling 	<p>Oppgåvefordeling: Registrering – Renate og Linda Tidsstyring og kort intro mellom innlegga – Bente Cecilie Mikrofonar – Laila, Randi og Unni Utdeling og innsamling av grupperefleksjonsark – Hege og Gerd Innleiing frå styringsgruppa onsdag 15 min – Randi og May-Sissel Velkommen til bords under middagen – Bente og Jorid Oppsummering dag 2 – Laila og Unni Vi har allereie fordelt kven som innleiar til grupperefleksjonane, sjå førre referat. Anne-Line seier noko kort om Fosterhemsundersøkelsen 2022 før grupperefleksjon 3.</p>	<p>Konklusjon: Oppgåver fordelt</p>
4.	<p>Grupperefleksjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tema 1 og 2. 	<p>DISKUSJONSSPØRSMÅL:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Korleis kan vi som styringsgruppe bidra til at det som blir utvikla i prosjekta fører til enda betre tenester og tiltak for barn og foreldre i kontakt med barnevernet? 2. Korleis kan kompetansemiljøa bidra inn i arbeidet med å overføra kunnskap frå prosjekt til ordinær drift? 3. Korleis kan kompetansemiljøa bidra til at kunnskapsoverføring frå prosjektkommunane til andre kommunar blir nyttig? 4. Korleis kan vi dela kunnskapen vi har utvikla i prosjekta med kommunar som ikkje har vært med i utviklingsarbeidet? 	<p>Innspel til vidare arbeid, Ingrid vil samanstille dei innspela som kom i grupperefleksjonane. Vi vil arbeide vidare med desse tema i haust på dei komande møta i styrings- og ressursgruppa og legge fram eit forslag for barnevernleiarane på årsmøtet.</p>
5.	<p>Oppsummering frå gruppene, og felles diskusjon kring nokre av dei tema som kom opp</p>	<p>Gruppe 1:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ønske om å gjøre prosjekta tilgjengelege for alle, og dele kompetansen me har opparbeida • Læringsnettverket og styringsgruppa må ikkje sleppe taket i dei prosjekta som er ferdig, viktig at vi fortsett etterspør korleis det går og inviterer til å legge fram arbeidet også når dei er i driftsfase, dette er ei kritisk periode. Krevjande å gå frå prosjekt til ordinær drift, og ofte dårlegare rammer. Vi må ikkje gløyme at endringar tek tid, og må har høg merksemnd og prioritering for å lukkast. Dermed kan nettverket bidra med å også etter prosjektperioden spørje korleis det går. <u>Forslag:</u> gjennomføre oppfølgingsseminar eit år etter at prosjektperioden er avslutta. Oppfølging av prosjekta med utviklingsseminar, kor prosjekta får dele korleis det har gått etter eit år i ordinær drift. 	

	<ul style="list-style-type: none"> Erfaringar viser at det er viktig å legge ein plan for korleis arbeid i prosjektet skal integrerast i ordinær drift tidleg i prosjektet. Dette er noko ein må starte å tenke på allereie når ein søker om midlar til eit prosjekt. Det bør avklarast kva som er forventa av prosjektgruppa, også etter at prosjektet er avslutta. Eit stort potensial i å kople på studentar frå HVL og UIB til å gjere evalueringar og effektmålingar både før oppstart av prosjekt og i etterkant. <p>Gruppe 2: Får ikkje testa om prosjektet har lukkast før etter prosjektperioden er over. Bra med effektstudie for å finna ut om effekten av prosjekta er som ønska. Viktig å tenke på dette med overgangen til ordinær drift tidleg i prosjektet, ha gode planar for dette. Her kan kanskje styringsgruppa, kompetansemiljøa og Statsforvaltaren ha ei rolle i å sikre at prosjekta hugsar på dette, og har dette med i prosjektsøknadar og planar. Samla kunnskapen på eit vis, kanskje at nokon på eit nasjonalt nivå kan ha ansvar for å samla informasjon frå alle prosjekta for å lage en nasjonal rettleiar på dei ulike kunnskapsområda som alle kommunar kan bruke?</p> <p>Gruppe 3: Leiingsforankring er avgjerande for at prosjekta skal verta vellukka i prosjektperioden. Men kanskje like viktig er perioden etter at prosjektet er avslutta. Her må leiar etterspørje og forvente resultat. Legge til rette for at nokon i organisasjonen kan halde merksemda på dette også når det er en del av ordinær drift. Vedlikehald og implementeringsarbeid: Kompetansemiljøa kan være en brubyggar mellom kommunane. Effektmålingar/ effektstudie, kanskje vi kan etablere samarbeid med masterstudentar om å gjere ein for-undersøking? Til dømes; kva er status før vi startar prosjektet og kva er status etter prosjektperioden.</p> <p>Gruppe 4: Delingskultur; Når og korleis? Kva forventingar finnes til å dele prosjekta videre? Behov for gode strukturer for deling. Styringsgruppa kan initiere ulike forskingsprosjekt for kva det er behov for, kor vi står og kor vi skal. Sette opp klare linjer og rammer for prosjekta.</p> <p>Felles diskusjon i plenum: <u>Kultur og avklaringar kring deling av kunnskap og produkt frå prosjekta</u> Det er mange spørsmål kring dette med når, og på kva måte vi skal dele kunnskap og produkt som vert utvikla i prosjekta med andre kommunar. Det er eit ynskje om at styringsgruppa kjem med nokre råd og felles køyreregler for dette. Vi er nøgde med at vi har lukkast med å få til ein god delingskultur i nettverket, men det er òg nokre dilemma og avklaringar som hadde vore greitt å få rydda litt i, slik at deling og samarbeid glir betre. Eit spørsmål i dette er kva rolle kompetansemiljøa kan ha, og kva dei kan bidra med inn i dette med deling og implementering av kunnskapen frå prosjekta. Eit anna aktuelt spørsmål kan være dette med økonomi og kapasitet i prosjekta. Kven skal ta kostnadane med å gjere kunnskapen kjent for andre? Eit tredje aktuelt spørsmål er dette kring evaluering og forsking på om det som er utvikla verkar. Det kan også være nokre juridiske spørsmål som må avklarast om kommunar etablerer tiltak eller tenester på tvers av kommunegrenser som fleire skal nytte seg av. Det same gjeld om ein skal samarbeide om forsking og må söke om databehandlingsavtale, jamfør døme frå Haugesund og RKBU Vest.</p> <p><u>Prioriteringar og struktur på utdeling av stimuleringsmidlar</u> Dei fleste kommunane i Vestland har vore med i eit eller fleire utviklingsprosjekt i perioden frå 2019 til no, men det er framleis nokre kommunar som ikkje har søkt stimuleringsmidlar til utviklingsarbeid. Vi reknar med at det vil bli moglegheit til å söke stimuleringsmidlar i 2023 og 2024 også. Er det noko vi i styringsgruppa kan gjere for å bidra til at også dei siste kommunane kjem i gang med utviklingsarbeid? Det kan være ulike grunnar til at kommunane ikkje har søkt om tilskot, til dømes at dei har andre pågående utviklingsarbeid, at dei har nok med å oppretthalde tenesta si ordinære drift og ikkje har kapasitet til å drive større utviklingsarbeid. Det er fleire kommunar som har gjeve tilbakemelding om at dei ynskjer å delta i utviklingsarbeid, men at dei strevar med å ha nok personalressursar tilgjengeleg. Kan det være aktuelt å tilby desse kommunane å knyte seg opp mot allereie eksisterande prosjekt, eller moglegheit til å få opplæring i noko av det som allereie er utvikla? Eit anna forslag kan være at eit av kompetansemiljøa tek kontakt og inviterer til samarbeid, og dermed også kan ta eit større ansvar i arbeidsgruppa for prosjektet. Vi kan kanskje også gå meir i direkte dialog med dei kommunane det gjeld, og finne meir ut om kvifor dei ikkje har vore med i utviklingsarbeidet, og eventuelt kva som har hindra dei i dette. Dermed kan det bli lettare å finne rett verkemiddel. Målet er at nettverket skal være nyttig og bidra til utvikling i alle barnevernenestene i Vestland.</p>	<p>Konklusjon: Opprettar ei arbeidsgruppe som laga eit forslag til anbefalingar og køyreregler for korleis vi kan dele det vi utviklar i prosjekta med andre kommunar i Vestland.</p> <p>Randi, Linda, Laila og Owe utgjer arbeidsgruppa. Mål om at eit forslag er klart til årsmøtet i januar.</p> <p>Konklusjon: Dette er ein aktuell sak på årsmøtet, ressursgruppa vil jobbe litt vidare med desse spørsmåla fram mot årsmøtet.</p>	
6.	Grupperefleksjon <ul style="list-style-type: none">Tema 3. og 4.	<p>Tema: Nettverkets framtid og satsingar for nettverket i 2023</p> <ul style="list-style-type: none"> Nettverkets framtid etter 2024? Kva grep kan vi gjere for å sikre at nettverket kan driftast også etter 2024? Kva treng vi att nettverket skal være, og ha merksemrd på i 2023? 	
7.	Oppsummering frå gruppene og felles diskusjon	<p>Stikkord frå gruppediskusjonane:</p> <ul style="list-style-type: none"> Etablere faste møteplassar for barnevernleiarane i Vestland Utarbeide nokre råd for korleis prosjekta kan undersøke om det dei utviklar av produkt og kunnskap faktisk fører til betre tenester og tiltak for dei det gjeld – barn og foreldre – samarbeid med masterstudentar kan være aktuelt Fortsette og utvikle den gode delingskulturen i nettverket, slik at vi kan dele kunnskap og erfaringar både mellom prosjekta, kommunane og kompetansemiljøa. Det er også viktig at 	<p>Innspel til vidare arbeid, Ingrid vil samanstille dei inspela som kom i grupperefleksjonane. Vi vil arbeide vidare med desse tema i haust på dei komande</p>

		<p>vi lagar system og arena for å dele med dei kommunane som ikkje har pågående utviklingsprosjekt – slik som på samlingane vi gjennomfører haust og vår.</p> <ul style="list-style-type: none"> Tenke litt meir heilskapleg og strategisk i kva nye utviklingsprosjekt som vert sett i verk i fylket, - kanskje styringsgruppa og ressursgruppa kan spele inn nokre forslag til prioriteringar til kva prosjekt som bør prioriterast? 	møta i styrings- og ressursgruppa og legge fram eit forslag for barnevernleiarane på årsmøtet.
8.	Forslag til saker til neste møte	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomgang og drøfting av dei innspela me har fått i grupperefleksjonane under samlinga i september – gjennomgang av Bente C. Prioritering og konkretisering av dei satsingane vi ynskjer å rette merksemda mot i nettverket i 2023: <ul style="list-style-type: none"> Heilskapleg og strategisk planlegging av nye utviklingsarbeid i Vestland Kva er aktuelle satsingsområde framover? Etablering av faste møter for barnevernleiarane Lage forslag for felles køyreregular/råd for korleis me kan dele produkta og kunnskapen som vi utviklar i prosjekta, komiteen orienterer om status. Kan vi gjere noko for å støtte kommunar som fram til no ikkje har delteke i utviklingsarbeid til å kome i gang? Andre? Planlegging av nettverkets aktivitetar i 2023 – utkast til årshjul og prosjektstøtterigg Førebuing og fordeling av oppgåver til årsmøtet Avklaring om representantane i styringsgruppa og ressursgruppa stiller til gjenvalg og kven som skal stille sin plass til val på årsmøtet. <p>Dato for kommande møter:</p> <ul style="list-style-type: none"> Utvida ressursgruppemøte Rogaland og Vestland – fredag 21.oktober 09.30 – 11.30 Styringsgruppemøte – 27. oktober 13.00 – 15.00 Ressursgruppemøte – 10. november 12.00 – 14.00 Årsmøte for 2023 – 13. januar 2023 09.00 – 11.30 <p>Andre relevante arrangement på barn og unge området:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tverrfagleg digital samling for alle som møter barn og unge i sitt arbeid – tema heilskaplege tenester og tverrfagleg samarbeid 7. desember 2022 	
9.	Eventuelt	<p>Forslag frå barnevernleiarane som var representert i møtet: Starte opp ein arena for barnevernleiarane med to fysiske møter i året. Der det eine er i samband med barnevernleiar- og læringsnettverkskonferansen, og det andre møtet er i samband med årsmøtet i januar. Vi treng å snakke saman når det er så mykje som skjer på barnvernfeltet. Dette er noko fleire saknar. Barnevernleiarane frå tidlegare Sogn og Fjordane møtast nokre gongar i året, det gjer òg leiarane i Bergen, men det er per i dag ikkje eigne samlingar for barnevernleiarane i tidlegare Hordaland. Det treng me.</p>	<p>Konklusjon: Vi legg fram eit forslag om dette på årsmøtet. Bente skal undersøke kva moglegheiter som finns når det gjeld å dekke utgifter til fysiske møter.</p>

Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

Namn:	Barnevernteneste/organisasjon:	Deltok på møtet:
Gerd Ynnesdal	Gloppen	ja
Randi Pedersen	Kvinnherad	ja
Monica Loen Grov	Sunnfjord	ja
Laila Grøn Jensen	Øygarden	ja
Anita Fonnes	Bergen	ja
Unni Strandman	NORCE RKBU Vest	ja
Linda Renate Kvalvik	RVTS Vest	ja
Bente Cecilie Foss	Statsforvaltaren	ja
Berit Hognestad Haaland	Bufetat region Vest	nei
Sølvi Olrich Sørebø	KS	ja
Svein Eirik Hamre	Norsk Fosterhjemforening - Hordaland	nei

Vara for styringsgruppas medlemmer:

Namn:	Kommune/organisasjon:	Deltok på møtet:
Owe Myklebust	Haugesund	ja
Jørund Tvedt	Stord (SIB)	nei
Jane Hesjedal	Gulen og Masfjorden	nei
Elisabeth Abelvik	Bergen	nei
Siv Skotheim	NORCE RKBU Vest	nei
Hege Sundt	Høgskulen på Vestlandet	ja
Carol Kjøpstad Vangsnes	Bufetat	ja

Bård Tyldum	Statsforvalteren i Vestland	Nei
Frode Kyrkjebø	KS Vestland	Nei
Anne-Line Hordvik Stormark	Norsk Fosterhjemsforening - Hordaland	Ja

Hovuddrepresentantar i ressursgruppa:

Namn:	Representerar:	Deltok på møtet:
Hege Sundt	Høgskulen på Vestlandet, Sogndal	Ja
Vibeke Samsonsen	Høgskulen på Vestlandet, Bergen	Nei
Linda Renate Kvalvik	RVTS Vest	Ja
Jorid Bjørkås	NUBU	Ja
Sølvi Olrich Sørebø	KS	Ja
Berit Hognestad Haaland	Bufetat	Nei
Unni Strandman	RKBU Vest	Ja
Heidi Eriksen Losnedal	Barnehuset i Bergen	Nei
Brita Leivestad	KoRus	Nei
Anette Christine Iversen	Universitetet i Bergen - HEMIL	Nei
Bente Cecilie Foss	Statsforvaltaren	Ja

Vara representantar for ressursgruppa:

Namn:	Representerar:	Deltok på møtet:
Louise Bratlie	Bufetat	Nei
Bård Tyldum	Statsforvaltaren i Vestland	Nei
Kristin Ryngøye Matre	Høgskulen på Vestlandet, Bergen	Nei
Merete Tunestveit	Høgskulen på Vestlandet, Sogndal	Nei
Frode Kyrkjebø	KS Vestland	Nei
Bente Styve Pettersen	NUBU	Ja
Olin Oldeide	Universitetet i Bergen – HEMIL	Nei
Siv Skotheim	RKBU Vest	Nei
Randi Abrahamsen	KoRus	Nei
Eirin Baugstø	Barnehuset i Bergen	Ja
Cathrine Eide	RVTS	Nei

Referantar: Ingrid Bjelland og Bente Cecilie Foss

Referat sendt til gjennomlesing til møtedeltakarane: 25. september 2022

Referat godkjent: 30.09.2022